

Tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Prioritering av tilskot og tilskotssatsar til skogkultur



Formannskapet xx.xx.2026, sak xx
Kommunestyret xx.xx.2026, sak xx
Høyring

Sauda kommune

2026 år - 2030 år

Innholdsliste

1. Bakgrunn	2
2. Prosessen	3
3. Overordna føringar	3
4. Regelverk.....	3
5. Kort om skogbruket i Sauda kommune	4
6. Hovudutfordringar i skogbruket	5
7. Aktivitetsoversikt siste 10 år	5
8. Prioriterte tiltak.....	7
9. Vurdering av behov	7
9.1 Planting	7
9.2 Ungskogpleie	7
10. Mål.....	8
11. Tilskotssatsar	8
12. Strategiar og tiltak.....	10

1. Bakgrunn

Hovudformålet med strategien er å stimulera til ein berekraftig auke i verdiskapinga i skogbruket. Gjennom tilskotsordningar og samarbeid med lokale interesse-organisasjonar i landbruket vil kommunene vere med å utvikle skognæringa ytterlegare i tråd med overordna og regionale føringar for skogpolitikken.

Auka skogproduksjon og oppbygging av kvalitetsskog for størst mogleg klimanytte og verdiskaping er sentrale regionale og nasjonale målsettingar for skogbruket. God tilgang på klimanøytrale byggematerial, andre trebaserte produkt og råstoff til energiformål frå skogen er sentralt i det grønne skiftet, der næringsverksemd i større grad enn før må baserast på fornybart og klimavenleg råstoff.

For skogbruket føreset dette at ein tek vare på og vidareutviklar råstoffbasen og driv ei berekraftig hausting av skogressursane i tråd med norsk PEFC- standard. Det betyr i praksis å sikre tilsvarande produksjon og kvalitet på framtidsskogen etter hogst (oppfølging av foryngingsplikten) og unngå avskoging.

Desse overordna måla er i tråd med FNs klimapanel sine tilrådingar, og tiltaksstrategien skal støtte opp under disse sentrale og viktige målsetingane.

2. Prosessen

Utkast til tiltaksstrategi er utarbeidd av administrasjonen i Sauda kommune med bakgrunn i aktivitetstal for hogst og skogkultur i kommunen siste 10 år, nasjonale, regionale og lokale skogpolitiske mål og innspel frå Statsforvaltaren i Rogaland. Næringsaktørar og lokale interesseorganisasjonar i landbruket har hatt høve til å gje uttale til strategien.

Den 5-årige tiltaksstrategien er handsama politisk av formannskapet den xx.xx.2026.

3. Overordna føringar

Følgjande styringsdokument og lovverk ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Lov om skogbruk (skogbrukslova)
- Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-forskrifta)
- Kommuneplan for Sauda 2019-2031
- Strategisk Næringsplan Sauda 2017
- Klimaplan 2025-2035
- Hovudplan for skogsvegar i Sauda 2017-2030
- Kystskogmeldinga
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland
- Regionalplan for energi og klima i Rogaland
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- FNs berekraftsmål
- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst. Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 13 (2020–2021) Klimaplan for 2021–2030

4. Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av tilskotsordningane er heimla i Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-forskrifta). Føremålet med tilskotet er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert teke vare på og videreutvikla.

Kommunen har ansvar for å sakshandsame, rettleie og informere skogeigarane om ordningane heimla i NMSK-forskrifta. Generelt har kommunen eit ansvar for næringsutvikling og vidareutvikling av skognærina gjennom motiverings- og mobiliseringsarbeid.

Det er utarbeidd feller overordna retningslinjer for alle kommunar i Rogaland for forvaltning av tilskot til skogsvegar, taubane og drift heimla i NMSK-forskrifta. Denne ordninga er ikkje ein del av denne tilskotsstrategien, men det er naturleg å sjå dei i samanheng ([vedlegg 1](#)).

5. Kort om skogbruket i Sauda kommune

Produktivt skogareal i Sauda er 68 732 daa. Dette utgjør 13,5% av kartlagt areal i AR5 (arealressurskartet AR5 - 2020). AR5 er eit nasjonalt kart som skildrar arealressursane ut frå produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk.

Skoginformasjon

	Barskog	Blandingsskog	Lauvskog	Skog på myr	Totalt (daa)
Svært høy bonitet	5 042	1 996	13 683	0	20 721
Høy bonitet	9 415	3 502	26 852	0	39 769
Middels bonitet	1 731	242	3 459	0	5 432
Lav bonitet	2 576	247	0	0	2 823
Uproduktiv skog	6 122	3 116	35 756	1 258	46 252
Uklassifisert skog					5 009
Totalt	24 886	9 103	79 751	1 258	120 007

Kilde: NIBIO, AR5 årsversjon 2020 og AR50 årsversjon 2016.

Bonitet angir areala sin produksjonsevne for skog, i hovudsak som potensiell bonitet for bartre. Informasjon om bonitet og treslag er henta i frå AR5.

Skog utanfor kartlagde areal i AR5 er henta i frå AR50. Desse areala er ikkje klassifisert etter bonitet og treslag og vert gjengjeve som u-klassifisert skog i tabellen over. Uproduktiv skog er areal der produksjonsevna for skog er mindre enn 0,1 m³ per dekar og år.

Siste områdetakst var i 2004. Jamfør hovudplan for skogbruksplanlegging i Rogaland er Sauda prioritert for ny områdetakst etter Tysvær, Strand og Forsand. Sauda prosjektet er venta å ha oppstart tidlegast om 2-3 år.

I Sauda er det ganske mange små og mellomstore bruk. Tal på sysselsette i skogbruksnæringa var i 2014 4 stykk. ([Rapport i frå NIBIO 2014](#)). Det er 295 stykk skogeigedommar i Sauda. Verdiskaping som bruttoprodukt innan skogbruket i Sauda kommune stod for omtrent 5,7 mill. kr i 2014. I 2014 vart det avverka 13 655 m³.

Når ein ser søkjartala for Vinterlandbruksskolen i Ryfylke året 2021/2022, kan det tyde på at det er stor interesse for neste generasjon gardbrukarar i Sauda. Sauda kommune var i 2021/2022 vertskommune for Vinterlandbruksskolen, der det var venteliste for å komme inn.

6. Hovudutfordringar i skogbruket

Sauda kommune har mykje utmarksareal med naturleg furu og lauvskog som kunne vore treslagskifta. Utfordringa her er dårleg økonomi når desse areala skal hoggast. Det er 1000-1200 dekar med lågt produserande lauvskogareal som kunne ha gitt ei bonitetsheving med 2-3 klassar ved treslagsskifte til norsk-gran.

Det er ikkje noko utfordring å få skogeigarane til å reetablere ny kvalitetsskog etter hogst.

Kommunen har også nok verkemiddel til å sikre tilfredsstillande foryngelse etter hogst etter skogloven.

7. Aktivitetsoversikt siste 10 år

Hogst i Sauda 2011-2021 med fordeling av treslag for å kunne vurdere behov for planting



År	Volum (m ³)	Volum (m ³)	
		Furu	Gran
2016	2528	336	2082
2017	714	68	611
2018	297	23	249
2019	5315	1165	5315
2020	1607	40	800
2021	1850	158	1696
2022	5014	1003	4011
2023	80	20	64
2024	1532	306	1226
2025	4160	832	3328
Sum		3951	19382

Det er hogd 263 daa med furu og 388 daa gran over ein tiårs periode. Totalt er det hogd om lag 650 daa og planta om lag 475 daa, det vil seie at det er eit etterslep på om lag 200 daa. Planting er høgt prioritert for å gjenreise kvalitetsskog.

Ungskogpleie

Ungskogpleie er viktig for produksjon av kvalitetsskog. Både tida trea treng for å bli store og robuste i høve til konkurranse om lys og næring, men ikkje minst pga. skader på toppskot osv. på kvalitetsskogen dersom her står andre treslag for nær i feltet. Det er også viktig med oppfølging i plantefelta. Kommunen prioriterer difor høgt tilskot ved suppleringsplanting, både fordi suppleringsplanting er dyrare enn nyplanting, og fordi skogeigar har brukt opp mykje av skogfondet til ordinær planting og har lite skogfond å ta av til suppleringsplanting. Normalt betyr planting på høg og super bonitet at ein må inn med minst 2 rundar med ungsogpleie. Ut frå plante- og ungsogpleiestatistikken dei siste 10-15 åra er her behov for ungsogpleie på 100-150 dekar.

År	Areal (daa)	
	Planting	Ungskogpleie
2016	129	0
2017	16	0
2018	0	0
2019	0	24
2020	102	303
2021	0	30
2022	118	149
2023	47	0
2024	4	3
2025	59	41
Sum	482	550



8. Prioriterte tiltak

Ungskogpleie er veldig forsømd i Sauda og vil vere førsteprioritet, deretter oppbygging/ planting av kvalitesskog- skogsvegbygging. Det er ønskjeleg å avvirke eldre furuskog og lauvskogareal med bonitetar >H 14. Det er difor viktig å gje ein høg tilskotsandel når ein skal plante etter treslagsskifte- hogst av furu eller lauv og planting av gran. I enkelte område, kan det vere økonomisk å ha lauv/furu vidare, og langs bekkjer er det viktig i høve miljøomsyn.

9. Vurdering av behov

9.1 Planting

Ut frå hogst- og planteaktivitet siste 10 åra er estimert plantebehov inkludert etterslep på totalt 200-250 dekar.

9.2 Ungskogpleie

Normalt betyr planting på høg og super bonitet at ein må ha minst 2 rundar med ungskogpleie. Ut frå plante- og ungskogpleiestatistikken dei siste 10-15 åra estimeres eit ungskogpleiebehov inkludert etterslep på 100-150 dekar.

10. Mål

Ut frå behovsvurderinga set kommunen følgjande årlege aktivitetsmål:

- 60-100 dekar planting
- 250-300 dekar ungskogpleie

11. Tilskotssatsar

Planting:	Tilskotsprosent
Planting etter hogst av gran	30%
Planting etter hogst av Furu (+Lerk)	50%
Planting etter hogst av Lauv	60%
Suppleringsplanting	60% + TTP (30% i 2025 første 75 pl
Såing	50%

Planter pr dekar: Det gis kun tilskot til planting opp til øvre grense for tettare planting vist i tabellen under. Kostnad for dei plantane over dette vil få 0 % tilskudd. Skjer automatisk i ØKS i dag.

Bonitet	Maksimum plantetall pr dekar som danner grunnlag for tilskudd
26+	270
23	270
20	250
17	230
14	210
11	180
8	150

Andre tiltak	Tilskotsprosent
Ungskogpleie	60%
Gjødsling	50%
Markbereding	50%
Flaterydding	50%
Grøfting, suppleringsgrøfting og grøfterensk	50%
Felling av nyttbart lauv	50%
Inngjerding	30%

Vilkår:

1. Anbefalt kostnadsnivå for skogkulturtiltak i Rogaland utarbeida av Statsforvaltaren leggest til grunn for utmåling av støtte.
2. Det skal berre brukast godkjente treslag og proveniensar i tråd med Skogfrøverket sine anbefalingar for Sauda kommune sitt område og høgdelag.

Kommunalt tilskot

- Førehandsrydding for planting
Inntil kr. 250,- pr dekar
Vilkår: Arealet må vere over 10 dekar om det ikkje grensar opp til anna plantefelt.
Gjeld ikkje for hogstfelt.
- Ungskogpleie
Kommunen dekker inntil 25% av godkjent kostnad - godkjent kostnad inntil kr 500 - 800 pr dekar.
- Planting
Kommunen dekker 25% av kostnadene.

Tilskot på under kr 500 vert ikkje utbetalt.

12. Tiltak

Kommunen vil:

- Ta eit overordna ansvar og sikre oppfølging av skogkulturen gjennom aktiv kommunikasjon med skogeigarar, rettleiing og informasjonspreiing.
- Etablere gode rutinar for oppfølging av skogeigarar som nyleg har avverka skog på sin eigedom gjennom skriftleg og direkte kontakt med skogeigar.
- Etablere gode rutinar for oppfølging av skogeigarar som nyleg har planta skog på sin eigedom gjennom skriftleg og direkte kontakt med skogeigar.
- Etablere gode rutinar for oppfølging av omdisponeringssaker vert slutført.
- Bruke skogbruksplan og plantestatistikk som grunnlag for oppsøkande verksemd overfor skogeigarar med behov for ungsogpleie.
- Etablere eit godt samarbeid med næringsaktørane i kommunen i samband med skogkulturarbeidet og oppfølging av skogeigarar. Dette inneberer dialog om plantebestillingar og oppdrag om planting og ungsogpleie.
- Ta ansvar for å hjelpe med plantebestilling og planteutstyr, og følgje opp etter behov dei skogeigarane som ønskjer å utføre planting og/eller ungsogpleie sjølv.
- Informere målgruppa om tilskotsordningane i denne strategien og andre aktuelle finansieringskjelder, som nasjonale tilskot og skogfondsordninga.
- Bruke aktuelle informasjonskanalar aktivt for å kommunisere med målgruppa, til dømes kommunen si nettside, facebookside, nyheitsbrev, medlemsmøte i næringsorganisasjonane. Dette inneberer å legge denne tiltaksstrategien og gjeldande tilskotssatsar på kommunen si nettside.
- Produsera oppslag i lokale media om tilskotsordningar til skogkulturtiltak.
- Arrangera skogdag med skogkultur som tema i samarbeid med lokalt skogeigarlag og nabo kommunar.
- Arrangera Aktivt-skogbrukskurs i samarbeid med lokalt skogeigarlag og nabo kommunar.
- Invitere seg ut til lokale bondelag og bonde- og småbrukarlag for å informere om skogkultur i kommunen, tilskotsordningar og skogfondsordninga.